



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Kommunestyre

Møtested:	Kommunestyresalen, 3. etg. Rådhus
Møtedato:	03.09.2015
Tidspunkt:	14:00 - 16:15

Til behandling: **Saksliste nr. 046/15 - 055/15**

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
FRP - Hogne Bleie (Medlem)
KRF - Dag Almanning (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
SV - Viviann Midtbø (Medlem)
AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)
FRP - Sølvi Grov (Medlem)
H - Inger Grethe Dalehamn (Medlem)
KRF - John Inge Refvik (Medlem)
SP - Reiel Fagerlid (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
AP - Helen Hjertaas (Medlem)
Uavhengig - Lars Truls Kjølén (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)
V - Geir Arne Solheim (Medlem)
FRP - Kjell-Bjørn Refvik (Medlem)
H - Reidun Synnøve Blaalid (Medlem)
V - Selma Strand Larsen (Medlem)
H - Øystein Kjartan Sandøy (Medlem)
H - Anett Berg (Medlem)

Varamedlemmer:

SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)
V - Vegard Åstebøl Larssen (Varamedlem)
H - Sylvi Lem (Varamedlem)
H - Yolima Ramsevik (Varamedlem)
SFP - Betty Lovise Hessevik (Varamedlem)

Forfall:

BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
SP - Nils Isak Myklebust (Medlem)
SP - Terje Kolseth (Medlem)
H - Paul Inge Angelshaug (Medlem)
H - Erlend Hagen (Medlem)

Av 27 medlemmer møtte: 21. Totalt frammøtte: 26

Repr. Øystein Sandøy (H) ankom møtet kl. 14.10 før behandling av K-sak 047/15 Referatsaker.
Repr. Hogne Bleie (FrP) ankom møtet kl. 14.20 etter behandling av K-sak 047/15 Referatsaker.
Repr. Lars Truls Kjølén (Uavhengig) fikk permisjon og fratrådte møtet under behandling av K-sak 050/15.

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef helse- og omsorg Jeanette Jensen, kommunalsjef oppvekst- og kultur Ove Aksnes og økonomisjef Norvall Bakke.

Måløy 3. september 2015

Morten A. Hagen
ordfører

Frode Kuppen

Geir Arne Solheim

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
046/15	Godkjenning av møteprotokoll	
047/15	Referatsaker	
048/15	Milepelsrapport ny kommunestruktur	
049/15	Heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse	
050/15	Nord-Vågsøy kyrkje- Oreigning av grunn til utviding av gravplassen mot nord	
051/15	Samarbeidsavtaler mellom Vågsøy kommune og helse Førde HF til slutthandsaming og underskrift - Psykisk helsetjenster og rusarbeid- Samarbeid om beredskap- Lærings- og mestringstilbod	
052/15	Folkehelseplan Vågsøy kommune 2016 - 2020	
053/15	Regionalt friluftsråd i Nordfjord	
054/15	Val av biblioteklokale	
055/15	Høring om eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk	

Merknader til saklisten:

v/ordfører Morten A. Hagen:

K-sakene 054/15 og 055/15 ble først ferdigstilt av administrasjonen henholdsvis 02.09 og 03.09.

Kommunestyret må ta en lengre pause i møtet slik at kommunestyret får tid til å gå igjennom disse.

Ingen merknader til innkalling.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	03.09.2015	046/15

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 15/1022	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
-----------------------------------	-------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

K-046/15

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 18.06.2015 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	03.09.2015	047/15

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 15/1021	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
--	--------------------------------	---

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ref.sak 1: Dammer Skramsvatn i Vågsøy kommune. Tekniske planar for fornying av hovuddammen - NVE si tilbakemelding. NVEs referanse: 200701725-49:

SP v/repr. Reiel Fagerlid stilte spørsmål og tjenesteleder Drift og anlegg, Ingvald Tennebø, svarte på disse.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-047/15

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/7980	25.06.2015	Norges Vassdrag- og energidirektorat NVE konsesjo	Dammer Skramsvatn i Vågsøy kommune. Tekniske planar for fornying av hovuddammen - NVE si tilbakemelding. NVEs referanse: 200701725-49
2	15/8975	22.07.2015	Helse Førde HF Administrasjon Fagavdeling	Samhandlingsreforma - oversyn over avtalar og prosjekt i Sogn og Fjordane



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunereform - Styringsgruppe	13.08.2015	001/15
Formannskap	27.08.2015	092/15
Kommunestyre	03.09.2015	048/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 14/770	Saksansvarleg: Morten Andreas Hagen
---	-------------------------------	---

Milepelsrapport ny kommunestruktur

Rådmannen si innstilling

Saka vert teken til orientering

27.08.2015 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-092/15

Formannskapets innstilling til vedtak:

Saka vert teken til orientering

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Formannskapets innstilling enstemmig vedtatt.

K-048/15

Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova


Bakgrunn for saka

Om lag halvvegs i tidslinja mot vedtak om ny kommunestruktur, er det naturleg med eit statusoppsett om kor ein står i prosessen.

Reforma legg opp til at kommunestyra skal fatte vedtak om kven ein i tilfelle vil slå seg saman med seinast i juni 2016.

Saksopplysningar / fakta

Stortinget har vedteke å sette i gong ein kommunereform med siktemål større og meir robuste kommunar. Tidslina er knapp med oppsummering i det enkelte fylke i mai 2016 og Stortingshandsaming på nytt kommunekart våren 2017. Nye kommunar skal fungere frå 2020 med kommuneval september 2019.




Utgangspunktet for robuste kommunar er fagutgreiingane kriterier for god kommunestruktur. Det har vore peika på at ei kommune bør ha ca 15.000 innbyggjarar for å kunne gje eit forsvarleg tenestetilbod.

Utfordringa spesielt i distriktskommunar med fallande folketal, er at det går mot ei skeiv aldersfordeling med mange eldre og færre i arbeidsfør alder. Dette gjer at samfunna i mindre grad bli berekraftige fordi ein får utfordring med rekruttering av personell og kvalitet på tilboda.

Dette kan illustrerast med 2 figurar om forventa utvikling lokalt.

ALDERSGRUPPER

Framskrevet utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.



Pleie og omsorg

Estimert framtidig tjenestebehov i årsverk per 1000 innbyggere 20-66 år.

Kommune	2013	2020	2040
Samlet	53,0	57,9	89,5
Eid	49,6	56,5	91,9
Selje	64,3	70,9	114,4
Vågsøy	51,2	53,7	77,9

Det skal også vektleggast å skape kommuner som har eit felles bu- og arbeidsområde. Utfordringa i Nordfjord er at området i liten grad er eit slikt område. Det skjer lite utveksling av arbeidskraft og alle kommunane har eigne naturlege sentra. Oversyn over pendlinga ser slik ut:

ARBEIDSPENDLING

Utpendling: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall arbeidstakere bosatt i kommunen. Kolonne to fra venstre viser antall arbeidstakere som arbeider i kommunen og er bosatt i kommunen (hvor mange av de fra kolonne 1 som jobber i samme kommune som de er bosatt i). De fem neste kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler til, og den siste kolonnen viser summen av antall pendlerne til andre kommuner.

Innpending: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall sysselsatte i kommunen, kolonne 2 viser antall personer som er bosatt og arbeider i kommunen (samme som kolonne 2 i utpendlingstabellen). De neste fem kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler fra, og siste kolonne er summen av de som pendler fra andre kommuner. Summen av kolonne 2 til 8 gir totalt antall sysselsatte i kommunen noe som tilsvarer kolonne 1.

Data er hentet fra SSBs pendlingstall for 2013.

SAMLET	7 601 ARBEIDS- TAKERE	6 276 PENDLER IKKE	186 BERGEN	143 STRYN	104 GLOPPEN	81 OSLO	74 FØRDE	737 ANDRE
EID	3 141 ARBEIDS- TAKERE	2 341 PENDLER IKKE	102 STRYN	100 VÅGSØY	83 BERGEN	82 GLOPPEN	47 OSLO	386 ANDRE
SELJE	1 444 ARBEIDS- TAKERE	1 041 PENDLER IKKE	110 VÅGSØY	36 EID	31 BERGEN	29 VANYLVEN	25 STRYN	172 ANDRE
VÅGSØY	3 016 ARBEIDS- TAKERE	2 491 PENDLER IKKE	80 SELJE	72 BERGEN	67 EID	29 FØRDE	29 ÅLESUND	248 ANDRE

UTPENDLING

INNPENDING

Utgangspunkt for vurdering av ny struktur, vil vere alternativa sett opp i mot dagsens situasjon, 0-alternativet.

Kommunestyret har handsama saka i fleire omgonger.

Det er vedteke å delta i ein utgreiing med utgangspunkt i Nordfjord, men også vere open for eit alternativ på Kysten mot Flora.

Det er vidare vedteken ein styringsstruktur på arbeidet med ei lokal styringsgruppe med representantar for tillitsvalde og med formannskapet som referansegruppe.

Når det gjeld utgangspunktet i Nordfjord, sa Hornindal og Stryn nei til ei felles utgreiing for Nordfjord. Dette har resultert i at det vert utgreidd 3 alternativ i Nordfjord, eit indre Eid, Stryn, Hornindal og Gloppen, eit i Midtre med Eid og Gloppen og eit i Ytre med Eid, Selje og Vågsøy.

Ein var ikkje samde om felles prosjektleiar så det er engasjert ein for dei 2 indre/midtre alternativa og ein for det Ytre. Desse 2 har i ein viss grad utveksling av produserte dokument for å unngå ulikskap i utgreiingane.

Arbeidet saman med Eid og Selje er i godt gjenge, og det er realistisk å halde tidsplanen i dette arbeidet.

Når det gjeld situasjonen rundt oss, har Bremanger vedteke å utgreie ulike alternativ på eiga hand. Det inneber at dei ikkje samarbeider med andre om dette.

I Sunnfjord har ein kome lengst der 9 kommunestyre har vedteke ein intensjonsavtale om samanslåing. Gloppen kommunestyre har vedteke denne, men er også med i ei utgreiing med Eid. Flora kommune har også vedteke avtalen.

Kystalternativet med Flora som sentrum har så langt avvikla ein Kystkonferanse for alle formannskapa i kommunane på kysten frå Askvoll til Selje. Trass optimisme der, blir det pr dato ikkje arbeidd konkret med dette alternativet.

Nord for fylkesgrensa er det meir uavklart. Det er der ikkje pågåande utgreiingar, men samarbeidet Vågsøy er med i, har invitert Vanylven med utan å få noko konkret respons på dette.

Ørsta og Volda synes å vere eit alternativ, men begge desse kommunane held ope å halde fram for seg sjølv. På Ytre Søre har både Herøy og Ulstein/Hareid kvar for seg invitert Sande til samtaler. Vanylven er ikkje invitert med i dette.

Felles møte mellom Herøy og Ulstein synes å ha konkludert med at det ikkje er grunnlag for ei kommune med begge desse med.

I høve dei nasjonale føringane, er det lagt fram ei melding om oppgåveoverføring til dei nye kommunane. Denne meldinga var ikkje spesielt innhaldsrik og det vil for Vågsøy sin del vere lite å hente av nye oppgåver. Det er i hovudsak snakk og mindre oppgåver der kommunen alt er sterkt involvert som tildeling av hjelpemiddel, tannlegetenesta og noko innafor rus og psykiatri.

For større oppgåveoverføring er det peika på at kommunane då bør ha meir enn 100.000 innbyggjarar, noko som er vanskeleg å få til her.

Det er varsla ei melding om endring i dei økonomiske overføringssystemet våren 2016. Det er ein vesentleg faktor for ny kommunestruktur korleis den er tenkt finansiert. I dagens modell kjem mindre grisgrente kommunar mykje betre ut enn sentrale folkerike kommunar. Dette i forstand at dei mindre kommunane har mykje meir disponibelt pr innbyggjar enn større kommunar.

Om dette blir vesentleg endra, vil grunnlaget for finansieringa av dei mindre kommunane falle vekk og endring i struktur vil vere naudsynt.

Innbyggjarinvolvering er viktig i dette arbeidet. Dette har så langt lokalt vore avgrensa til møte med næringslivet og ungdomsrådet.

Det er planlagt å kople seg på skulane no ut over hausten

Det vil bli gjennomført ei innbyggarkartlegging no i august, og det vert lagt opp til ei innbyggjarundersøking våren 2016. Dette vert gjennomført basert på like malar kommunane i mellom og i stor grad basert på veiledning utarbeidd av departementet.

Vurdering / konsekvensar

For Vågsøy sin del synes det einaste realistiske alternativ i tillegg i 0-alternativet, eit samarbeid med Eid og Selje i høve den tidsplanen som er lagt. Arbeidet her er slik at ein kan lukkast med å kome i mål. Dette inneber at dersom ein ikkje kjem i mål med dette alternativet, vil Vågsøy stå med 0-alternativet som den naturlege konklusjonen. Ei kommune av Selje og Vågsøy framstår som lite berekraftig med dei demografiske endringar ein står føre.

Det er lita hjelp i snakke om eller ønske seg alternativ når dette anten ikkje blir arbeidd med eller andre kommunar ikkje ønskjer å delta.

Når det gjeld reforma generelt, er inntrykket at det skal halde hardt å kome i mål med ein ny struktur som det er lagt opp til. Svært mange kommunar driv i ein sonderingsfase utan at dette materialiserer seg i konkrete prosjekt. Det vil i tilfelle måtte innebere ein svært hektisk fase inn mot juni 2016.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	26.05.2014	Flora kommune; Bremanger kommune; Selje kommune; Vanylven kommune; Eid kommune	Invitasjon til å starte samtaler rundt en ny og fremtidsrettet kommunestruktur i Ytre Nordfjord/Sunnfjord
2	I	23.06.2014	Selje kommune	Svar på invitasjon til å starte samtaler rundt ny kommunestruktur
3	I	07.07.2014	Kommunenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Utskrift frå KS Sogn og Fjordane - Oppstart av kommunereforma
5	I	22.09.2014	Eid kommune	Kommunestruktur i Ytre Nordfjord/Sunnfjord - svar på invitasjon
6	I	06.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - Opplegg for arbeidet i Sogn og Fjordane 2014 - 2016 - frist 31.01.2015
7	I	20.10.2014	Flora kommune	Kommunereforma - handsaming i Flora bystyre - prosessen vidare - invitasjon
8	I	28.10.2014	Flora kommune	Felles formannskapsmøte - Askvoll, Bremanger, Flora og Vågsøy - innspill til møtedatoer
9	I	30.10.2014	Eid kommune	K-sak 124/14 den 28.10.2014 - Vedtak i Eid kommune om Kommunereforma - vidare prosess
10	I	09.11.2014	SRG International AS	Informasjon til kommunens ledelse om priser vedrørende meningsmålinger om fremtidig kommunestruktur
11	I	10.11.2014	Gloppen kommune	Kommunereforma: Gloppen kommune sitt oppstartingsvedtak i Kommunestyre 03.11.2014
12	U	13.11.2014	Selje kommune; Vanylven kommune nyhet@smp.no,; redaksjonen@synste.no ; fjt@fjt.no,; redaksjon@fjordabladet.no,; redaksjon@firda.no,; sf@nrk.no,; 03030@nrk.no,	Referat fra møte mellom Selje, Vanylven og Vågsøy kommune 12.11.2014 om fremtidig kommunestruktur
13	U	13.11.2014		Pressemelding vedr. samtaler om ny kommunestruktur i møte 12.11.2014 med Selje og Vanylven kommuner
14	I	18.11.2014	Eid kommune	Ønskje om snarleg møte for å drøfte kommunereform
40	I	27.11.2014	Selje kommune	Implementering av Kvalitetslosen - del av prosjektet Interkommunalt samarbeid Eid, Vågsøy og Selje (EVS)
17	I	02.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - saker og vedtak i kommunane ønskes oversendt fylkesmannen
18	U	02.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - Vedtak Vågsøy kommune
19	I	16.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - skjønnsmidlar til utgreiing
20	I	16.12.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - skjønnsmidlar til utgreiingar
22	I	09.01.2015	Selje kommune	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur - Mandat
24	I	22.01.2015	Stryn kommune	Vedtak i Stryn formannskap
32	I	28.01.2015	Deloitte AS	Arbeidsgiverpolitikk i kommunesammenslåinger

30	I	29.01.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - infobrev til kommunane - Tid for val av retningar og utgreiingar
25	I	30.01.2015	Eid kommune	Kommunereforma - Melding om vedtak frå Eid kommune
26	I	30.01.2015	Kirkelig Fellesråd	Kirkerådets arbeid med kommunereformen
27	I	02.02.2015	Hornindal kommune	Utgreiingsmodellar for endra kommunestruktur - Melding om vedtak frå Hornindal kommune
28	I	02.02.2015	Stryn kommune	Utgreiingsmodellar for endra kommunestruktur - Melding om vedtak frå Stryn kommune
31	I	03.02.2015	Gloppen kommune	Vidare arbeid med kommunereforma i Nordfjord - Gloppen kommunestyre sitt vedtak
29	U	03.02.2015	Selje kommune; Bremanger kommune; Eid kommune; Gloppen kommune; Stryn kommune; Hornindal kommune; Flora kommune; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Vanylven kommune	Framtidig kommunestruktur - Mandat for felles utgreiing i Nordfjord - Melding om vedtak frå Vågsøy kommune
33	I	04.02.2015	Sentio AS	Ungdom & kommunereform
34	I	04.02.2015	Utdanningsforbundet	Involvering ved kommunesammenslåinger
35	I	09.02.2015	Eid kommune	Framtidig kommunestruktur - Felles utredning
36	I	24.02.2015	Selje kommune	Melding om vedtak - Kommunereform - Ny kommunestruktur
37	I	25.02.2015	Ørsta kommune	To saker om kommunereform - vedtak i Ørsta kommunestyre 12.2.2015
38	U	25.02.2015	Kristin Maurstad; Rolf Domstein; Hogne Bleie; Einar Oddgeir Midtbø; Dag Almending; Asgeir Solheim; Edvard Iversen; Selma Strand Larsen	Søknad om midlar kommuneprojekt Eid, Selje og Vågsøy
39	I	03.03.2015	KS Sogn og Fjordane	Nytt verktøy for innbyggjarhøyring i samband med kommunereforma
41	I	20.03.2015	TNS Gallup	Nytt verktøy for høring av innbyggerne i forbindelse med kommunereformen
42	I	27.03.2015	Eid kommune	Kommunereforma
43	I	30.03.2015	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet	Kommunereformen - nye oppgaver til større kommuner: Meld. St. 14 (2014-2015) Melding til Stortinget
45	I	21.04.2015	Eid kommune	Referat frå konstituerande møte i styringsgruppa for utgreiing av alternativ kommunestruktur for Selje, Vågsøy og Eid
44	I	21.04.2015	Eid kommune	Referat frå konstituerande møte i styringsgruppa for utgreiing av alternativ kommunestruktur for Selje, Vågsøy og Eid
46	I	13.05.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Revidert nasjonalbudsjett 2015 og kommuneproposisjonen 2016
57	I	05.06.2015	Eid kommune	Oversendt søknad og vedtak for fornying og innovasjon i offentleg sektor - Utlysing av midlar
51	L	08.06.2015		VS: Nordfjord
47	U	09.06.2015	Medlemmane i	Referat møte i prosjektgruppa for utgreiing av

			prosjektgruppa	sammenslåing av kommunane Eid, Selje og Vågsøy 05.06.2015 Prosjektdirektiv EVS
50	X	12.06.2015	Eli Stølan	
59	I	12.06.2015	Eid kommune Morten Andreas Hagen; Alfred Bjørlo; Ottar Nygård; Johan Wåge;	Prosjekt OJLJTM - Overføring av midlar
48	U	17.06.2015	Sissel Solheim; Barbro Os Noste; Eli Stølan; Knut Ove Leite; Åslaug Krogseter; Ørnulf Lillestøl	Innkalling til styringsgruppemøte 22.06.2015 - Kommuneprosjekt EVS
49	I	17.06.2015	Ørsta kommune Morten Andreas Hagen; Knut Ove Leite; Utdanningsforbundet Vågsøy; Alfred Bjørlo; Ottar Nygård; Sissel Solheim;	Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.06.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess
56	U	24.06.2015	Ørnulf Lillestøl; Åslaug Krogseter; Selje kommune; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Eid kommune; Gunvald Ludvigsen; Barbro Os Noste	Referat møte i styringsgruppa kommunereform EVS 22.06.2015
58	U	26.06.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Rapportering Fornyingsmidlar
60	I	06.07.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunereforma - tid for involvering av innbyggjarane
67	I	21.08.2015	Eid kommune	Rapportar innbyggjarkartlegging kommunereform
68	I	24.08.2015	Eid kommune	VS: Rapportering kommunereform Nordfjord
66	U	24.08.2015	Medlemmane i prosjektgruppa	Referat møte i prosjektgruppa for utgreiing av samanslåing av kommunane Eid, Vågsøy og Selje 17.8.2015



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	27.08.2015	094/15
Kommunestyre	03.09.2015	049/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/1007	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
---	--------------------------------	---

Heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunestyre tek Heilskapleg ROS-analyse - Rapport med vedlegg 1 og 2 vert teken til orientering.
2. Beredskapsrådet må gå gjennom tiltaksplanen og prioritere tiltak utifrå det Vågsøy kommune ønskjer å ha fokus på, i tillegg til å fordele ansvar for oppfølging og tidsramme. Innspel i uttaler frå Redningsselskapet, Helse Førde og Eid Røde Kors må innarbeidast i kommunen sine planar for oppfølging.

27.08.2015 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-094/15

Formannskapets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommunestyre tek Heilskapleg ROS-analyse - Rapport med vedlegg 1 og 2 vert teken til orientering.
2. Beredskapsrådet må gå gjennom tiltaksplanen og prioritere tiltak utifrå det Vågsøy kommune ønskjer å ha fokus på, i tillegg til å fordele ansvar for oppfølging og tidsramme. Innspel i uttaler frå Redningsselskapet, Helse Førde og Eid Røde Kors må innarbeidast i kommunen sine planar for oppfølging.

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Votering

Formannskapetets innstilling enstemmig vedtatt.

K-049/15

Vedtak:

1. Vågsøy kommunestyre tek Heilskapleg ROS-analyse - Rapport med vedlegg 1 og 2 vert teken til orientering.
2. Beredskapsrådet må gå gjennom tiltaksplanen og prioritere tiltak utifrå det Vågsøy kommune ønskjer å ha fokus på, i tillegg til å fordele ansvar for oppfølging og tidsramme. Innspel i uttaler frå Redningsselskapet, Helse Førde og Eid Røde Kors må innarbeidast i kommunen sine planar for oppfølging.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) med tilhøyrande forskrifter.

Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven) med tilhøyrande forskrifter

Bakgrunn for saka

Handsaming av heilskapleg ROS-analyse EVS Rapport med vedlegg i kommunane Eid, Vågsøy og Selje.

Saksopplysningar / fakta

I 2013 etablerte kommunane Eid, Vågsøy og Selje, heretter kalla EVS, eit toårig interkommunalt samarbeidsprosjekt med målsetting om å etablere interkommunale samarbeidsløysingar på områder som kan gi betre kvalitet, kompetanse og/eller kostnadseffektivitet enn ved produksjon i kommunal regi. Prosjektet var tredelt i forstudie, forprosjekt og hovudprosjekt. Prosjektet vart etter søknad tildelt skjønnsmidlar av Fylkesmannen i 2013. Etter at forstudierapporten låg føre valde kommunane å avslutte prosjektet i si opphavlege form. Styringsgruppa, som er rådmenn i EVS, bestemte at prosjektet skulle vidareførast i form av to prosjekt ut prosjektperioden, der heilskapleg ROS-analyse har vore det eine prosjektet. Vidareføring av prosjektet var politisk forankra i kommunane i desember 2014, sjå vedlegg politisk sak. Prosjektet heilskapleg ROS-analyse EVS vart også etter søknad tildelt kr. 100 000 i skjønnsmidlar av Fylkesmannen i mars 2015.

Grunnlag for prosjektet er avvik ved tilsyn av Fylkesmannen (Eid og Selje), og i tillegg gjere EVS-kommunane som organisasjonar og samfunn betre rusta til å takle den sentrale rolla kommunane har i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap. Denne rolla er tydeleggjort gjennom krav til kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelses-loven, og lov om helsemessig og sosial beredskap.

Anita Otneim Hoddevik har vore prosjektleiar i 50% stilling for prosjektet. Kommunane har nytta naudsynte personalressursar til prosjektgruppa og faggruppene, som har vore tverrfagleg samansett. Fylkesberedskapssjef, Håvard Stensvand, har vore ein viktig diskusjonspartnar i arbeidet. Prosjektperiode 1. november 14 – august 15. Prosjektorganisering har vore som følgjande:

Prosjektnamn	Heilskapleg ROS-analyse EVSROS-analyse EVS
Styringsgruppe (SG)	Rådmenn i EVS
Prosjektansvarleg (PA)	Rådmann i Selje
Prosjektleiari (PL)	Anita O. Hoddevik
Prosjektgruppe (PG)	Samansett av styringsgruppa (SG) med vara frå kvar kommune.
Faggrupper (FG)	Fagpersonar frå kvar av kommunane.
Referansegruppe (RG)	2 medlemmar frå beredskapsråda i Eid, Vågsøy og Selje.

Mål for prosjektet

Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, ROS-analyse, som er sektorovergripande for kommunane Eid, Vågsøy og Selje. Med heilskapleg ROS-analyse som grunnlag skal prosjektgruppa utarbeide forslag til plan for oppfølging for kommunane sitt arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap. Heilskapleg ROS-analyse for kommunane skal støtte krav i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), og lov om helsemessig og sosial beredskap.

Handlingsmål for prosjektet

- Få fram oversikt over risiko- og sårbarheitstilhøva i kommunane også på tvers av sektorane, og korleis dei påverkar kommunane.
- Få fram sårbarheit og tilhøve kommunane er gjensidig avhengig av.
- Føreslå tiltak for å redusere og handtere risiko og sårbarheit.
- Utarbeide eit planleggingsgrunnlag og avgjerdsstøtte til kommunane sitt arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap.

Føresetnadar og avgrensingar for risiko- og sårbarheitsanalysen:

- Overordna, kvalitativ og systematisk analyse som gjennomgår kommunane sitt geografiske område, verksemd, samt omkringingande områder.
- Avgrensa til tema samfunnssikkerhet: «*Samfunnssikkerhet kan beskrives som den evne samfunnet har til å opprettholde viktige samfunnsfunksjoner og ivareta borgernes liv, helse og grunnleggende behov under ulike former for påkjenninger. Samfunnssikkerhetsbegrepet brukes bredt og dekker sikkerhet innenfor hele spekteret av utfordringer, fra begrensede hendelser via større krisesituasjoner som representerer omfattende fare for liv, helse, miljø og materielle verdier, til sikkerhetsutfordringer som truer nasjonens selvstendighet eller eksistens*» (Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt 2012).
- Analysen er avgrensa til å ta føre seg hendingar av ein slik storleik som krev førebyggjande og /eller skadeavgrensande tiltak frå kommuneleiinga, eller fleire sektorar i kommunen vert involvert i handteringa.
- Analysen omfattar fare/konsekvenser for liv og helse, stabilitet, ytre miljø og materielle verdier.
- Tilhøve som vert avdekt og som krev ytterlegare detaljerte analyser vert å følgje opp for kommunane.
- ROS-analysen må oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar jf. pbl. §11-4 (minst ein gong i kvar valperiode), og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbilde til EVS-kommunane.

Kommunane har via prosjektet gjennomført ein grundig og brei prosess, der eksterne aktørar har vore invitert til å delta i ROS-analysearbeidet. Dette går fram av kapittel 2 og 3 i rapport. Eksterne aktørane var mellom anna invitert til eit fareidentifikasjonsmøte på Nordfjordeid. På møtet heldt eksterne aktørar innlegg om risikobilde til EVS-kommunane utifrå sin ståstad, i tillegg til kva dei kan bidra med i beredskapsarbeidet i kommunane. I etterkant av møtet dette møtet utarbeidde faggruppene i samarbeid med styringsgruppa ei liste med 23 uønskete hendingar som har vore gjenstand for felles ROS-analyse. Ved utarbeiding av lista over uønskete hendingar har ein sett på eksisterande og framtidige risikofaktorar i kommunane, i tillegg til risiko- og sårbarheitsfaktorar som

ligg utanfor kommunane sine geografiske område, men som kan ha innverknad på kommunane. Fullstendig ROS-analyse går fram av vedlegg 1. Eksterne aktørane har også bidrege i sjølv ROS-analyseprosessen, der fagpersonar frå kommunane i tillegg til styringsgruppa har gjort faglege og kvalifiserte vurderingar av mellom anna sannsyn for, og konsekvensar av uønskete hendingar felles for kommunane. I tillegg er ei lita samling av uønskete hendingar analysert spesifikt for kvar enkelt kommune. Fagpersonane har jobba i faggrupper på tvers av kommunane, i tillegg til tverrfaglege grupper for kvar kommune. Undervegs i ROS-analyseprosessen har formannskap/planutval i kommunane vore grundig orientert om prosjektet inkludert liste over uønskete hendingar. Prosjektleiari har hatt møte med referansegruppa for prosjektet der mellom anna ordførarane, som er leiari av beredskapsråda, har vore med.

I tabell 21 i kapittel 3.1 er det sett søkelys på kritiske innsatsfaktorar som til dømes kraftforsyning og ekom-tenester og deira innverknad, ved bortfall, på kritiske samfunnsfunksjonar. Det er også sett nærare på kommunen og andre etatar/organisasjonar sitt ansvarsområde ved bortfall av desse kritiske innsatsfaktorane. Gjennomgangen viser at innsatsfaktorar som forsyning av elektrisk straum og ekom-tenester er gjennomgåande viktige for å opprettehalde kritiske samfunnsfunksjonar i kommunane, i tillegg til driftspersonale.

I kapittel 3.2 er det sett nærare på sårbarhet i EVS-kommunane. Tilhøve som gjer EVS-kommunane robuste er at dei er relativt små folketalsmessig og i areal, slik at det er lett å få oversikt over personar som treng hjelp. Det er også korte avstandar mellom kommunesentra og lokalsjukehuset på Eid. SFE har sett i verk tiltak for å betre forsyningsnett til kommunane, i tillegg til at det er ein del kraftproduksjon lokalt, nærare bestemt i Vågsøy (Mehuken). Etablerte interkommunale samarbeid er også med på å styrke kommunane i beredskapssamanheng.

Tilhøve som gjer kommunane sårbare er aukande skipstrafikk og då særleg cruisebåttrafikk, i tillegg til ein del transport av farleg gods på vegane som har varierende vegstandard. Dette i kombinasjon med ikkje klarerte landingsplassar for redningshelikopter, gjeld Selje og Vågsøy, og aukande ekstremver (vind, nedbør og stormflo) gjer kommunane sårbare. Erfaringane etter Dagmar i 2011 viser at kraftforsyninga til kommune er sårbar ved ekstremver med påfølgjande bortfall av ekom-tenester.

Kapittel 4 viser felles risikobilde for EVS-kommunane, som er eit resultat av risikoanalysane av dei uønskete hendingane. Felles risikobilde viser uakseptabel risiko (raud sone) for 13 av 23 hendingar innan samfunnsverdien Liv og helse, 9 av 23 hendingar innan samfunnsverdien Stabilitet, 2 av 23 hendingar for samfunnsverdien Natur og miljø, og 6 av 23 hendingar for samfunnsverdien Materielle verdiar. Hendingar i raud sone har ein uakseptabel risiko, der risikoreduserande tiltak er naudsynt.

Hendingar med størst risiko for Liv og helse er pandemi (nr.1), skipsulykke (nr.13), og terror på stort arrangement (nr.21). For Stabilitet er det atomhending (nr.18) og brot i el-forsyninga (nr.4) som har størst risiko. Hending med størst risiko for Natur og miljø er akutt ureining på land (nr.16) og ekstremver (nr.9). For materielle verdiar er det ekstremver (nr.9) og stormflo (nr.10) som utgjer uakseptabel risiko for kommunane.

For oppfølging av risikoanalysearbeidet er det utforma forslag til tiltak for dei uønskete hendingane kommunane har ansvar for å førebygge (sannsynsreduserande tiltak), og ha ein beredskap for (konsekvensreduserande tiltak). Plan for oppfølging går fram av vedlegg 2. Felles for oppfølging for fleire av dei uønskete hendingane er behov for oppdatering av plan for befolkningsvarsling og evakuering, i tillegg til UMS-varsling og nærare samarbeid med nabokommunar og frivillige lag og organisasjonar. Forslag til forbetring av plan for befolkningsvarsling og evakuering går fram av kapittel 3.3.1.

I samband med høyring av Heilskapleg ROS-analyse EVS Rapport er det kome inn uttale frå følgjande eksterne aktørar innan fristen 22. juli:

Statens vegvesen Region vest datert 17.06.15

Statens vegvesen gjev innspel til fylkesROS, og har ikkje ressursar til å bidra i kommunane sitt ROS-analysearbeid.

Redningsselskapet Sogn og Fjordane datert 26.06.15

Redningsselskapet påpeiker ei heil liste over faktorar kommunane manglar, eller ikkje har naudsynte ressursar til i høve til utfordringar med aukande kyst/cruisebåttrafikk.

Redningsselskapet er i ferd med å utarbeide plan som beskriver kva ressursar dei har tilgjengelig i kvart distrikt. Planen vil vere nyttig for kystkommunane ved ei hending. Plan/ressursoversikt vil bli utsendt så fort arbeidet er ferdigstilt.

Helse Førde datert 01.07.15

Helse Førde har ikkje innspel til sjølve rapporten, men har lista opp merknadar til hending nr.1, 4, 5, 6, 16, 17 og 23B (fellesliste), tillegg til lokale hending nr.1 for Eid og nr.1 for Vågsøy.

NVE datert 21.07.15

NVE har ikkje merknader til ROS analysen.

Eid Røde Kors datert 22.07.15

Styret i Eid Røde Kors har innspel til kap. 3.1 i rapport for det som gjeld Eid kommune som omhandlar: forsyning av drivstoff, drivstoff rasjonering, straumutfall, brann- og redningsteneste. Dei har innspel til kap. 3.2.1 i rapport, i tillegg til oppstilling av ressursar/tiltak dei kan bidra med for hending nr.13 (skipsulykke/havari), nr. 17 (brann i institusjon) og 3A (snøskred).

Vurdering / konsekvensar

Rapporten er eit viktig grunnlag for vidare beredskapsarbeid i kommunen. Beredskapsråd vil vere sentralt her. Ein må gå gjennom tiltaksplanen og prioritere tiltak utifrå det ein ønskjer å ha fokus på, i tillegg til å fordele ansvar for oppfølging og tidsramme. Det er naudsynt å få kostnadskrevjande tiltak med i budsjett og økonomiplanar. Resultat i frå ROS-analyse EVS vil også måtte følgjast opp gjennom kommunane si kommuneplanlegging, samfunnsdel og arealdel.

Det ligg føre konstruktive uttalar/innspel frå eksterne aktørar som bør innarbeidast i kommunane sine planar for oppfølging. Dette gjeld uttale frå Redningsselskapet, Helse Førde og Eid Røde Kors.

Vågsøy har frå før utarbeidd mange tiltakskort for oppfølging av uønska hendingar. Det er slik sett tenkt gjennom kva som kan skje og korleis dette skal takast fatt i.

Det ein har vore svakare på (med unntak av enkelte av tenesteområda) er å utarbeide ROS-analyser der fokus i sterkare grad er på å unngå/førebygge at situasjonar oppstår. Samarbeidet med Eid og Selje har medverka til at denne delen av beredskapsarbeidet har hatt fokus siste året og fleire av områda som hadde mykje ugjort har kome etter.

Status er pr dato at alle områda har utarbeidd gode ROS-analyser og fokus framover må vere på å arbeide med dei tiltaka som er mest sannsynlege kan inntreffe og på dei som er pålagt frå statleg hald.

I tillegg har kommunen ein god plan for kriseleiinga. Situasjonen for beredskapsarbeidet kan seiast å vere tilfredsstillande. Det er gjort mykje grunnleggande arbeid av god kvalitet og kommunen har vore gjennom konkrete hendingar og øvingar som viser at ein har ein fungerande organisasjon.

Kommunen har ei utfordring i at ein ikkje har ein eigen beredskapsmedarbeidar som kan koordinere arbeidet med ma ajourhald av planverk, men dette vil bli søkt prioritert i kombinasjon med andre oppgåver i framtidig utlysing.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
172024	Heilskapleg ROS analyse EVS rapport 04 06 15.pdf
172025	ROS analyse EVS 04 06 15.pdf
172026	Plan for oppfølging Heilskapleg ROS 29 05 15.pdf
172018	Høringsuttale - Heilskaplig ROS-analyse - EVS .pdf
172019	SV: Heilskapleg ROS-analyse EVS - Høyring.rtf
172020	VS: 201407081-4 - Høring - Heilskaplig ROS-analyse - Eid, Vågsøy og Selje.rtf
172021	Heilskapleg ROS-analyse EVS - Høyring - Selje Kommune.DOC.pdf
172022	SV: Heilskapleg ROS-analyse EVS - Høyring.rtf
172023	Heilskapleg ROS-analyse EVS - Høyring.pdf
172017	Interkom. samarbeid Selje, Vågsøy og Eid 11 04 13.doc

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	31.07.2015	EVS- Samarbeidsprosjekt	ROS-analyse EVS - sakspapir med vedlegg



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	27.08.2015	096/15
Kommunestyre	03.09.2015	050/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/652	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
------------------------------------	------------------------	----------------------------------

Nord-Vågsøy kyrkje- Oreigning av grunn til utviding av gravplassen mot nord

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune søker Fylkesmannen med heimel i Oreigningslova § 2 nr. 1 om løyve til å erverve ca 500 m² av gbnr.. 120/13 eigar Trygve Heimsæter til utviding av Nord-Vågsøy kyrkjegard.
2. Det blir å søkje om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

27.08.2015 Formannskap

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.
Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-096/15

Formannskapets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommune søker Fylkesmannen med heimel i Oreigningslova § 2 nr. 1 om løyve til å erverve ca 500 m² av gbnr.. 120/13 eigar Trygve Heimsæter til utviding av Nord-Vågsøy kyrkjegard.
2. Det blir å søkje om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

FrP v/repr. Hogne Bleie fremmet følgende endringsforslag:

«Kommunestyret pålegg rådmannen å gå i ny forhandling med grunneigar med formål å komme til frivillig avståelse av grunn til Nord-Vågsøy kyrkjegard».

Votering

Det ble votert alternativt over formannskapetets innstilling til vedtak og endringsforslag fra FrP v/repr. Hogne Bleie. Formannskapetets innstilling vedtatt mot 3 stemmer.

K-050/15

Vedtak:

1. Vågsøy kommune søker Fylkesmannen med heimel i Oreigningslova § 2 nr. 1 om løyve til å erverve ca 500 m² av gbnr.. 120/13 eigar Trygve Heimsæter til utviding av Nord-Vågsøy kyrkjegard.
2. Det blir å søkje om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Oreigningslova, Lov om gravplasser

Bakgrunn for saka

Kyrkjeleg Fellesråd held på med ei opprusting av gravplassane i kommunen. Det er løyvd midlar til dette i budsjett og økonomiplan for kommunen.

På Raudeberg har ein støtt på problem med å få hand om grunnen og Kyrkjeleg Fellesråd har bedt kommunen om bistand til dette.

Saksopplysningar / fakta

På Raudeberg er ca halvparten av planlagd areal for utviding i kommunalt eige medan det øvrige 500 m², er eigd av eigar av gbnr. 120/13 Trygve Heimsæter.

Det har vore freista å få til ei minneleg løysing om kjøp av arealet, men prisforlangande kr. 150/m² ligg langt over det som kan forsvarast å betale i området. Kommunen har tilbydd kr. 65.

I tillegg krev eigar skjerming mot innsyn kyrkja og gravplassen frå bustaden på bruket, noko som er vanskeleg å få til grunna høgdeforskjell i området. Det er noko eldre skog i området som ikkje blir råka av inngrepet, men avgrensinga rundt kyrkjegarden må bli eit gjerde som på gravplassen elles.

Heimsæter bur i Hønefoss og bruket er ikkje i drift. Det er mange år sidan det var busetnad på bruket og arealet ber sterkt preg av ikkje å ha vore i hevd.

Området er ikkje regulert til føremålet, men som jordbruk. Området nedanfor(aust) det som trengst erverva,, er regulert som kulturminne/Gravrøys. Reguleringsplanen er frå 1977.

Kommunen sin heimel til erverv er i oreigningslova § 2 nr. 1

§ 2. Mot vederlag etter skjøn til den det råkar, kan oreigningsinngrep setjast i verk etter vedtak av eller samtykke frå Kongen, så langt det trengst til eller for:

1. Kyrkje og gravplass.

Vurdering / konsekvensar

Etter lov om gravplassar skal kommunen til ei kvar tid ha ledige gravplassar tilsvarande 3% av folketalet. Slik strukturen på kyrkjene er i kommune, er det naturleg å legge opp til at det er slik dekning i den einskilde kyrkje sitt nedslagsfelt.

For å få til ei naturleg utviding av gravplassen på Raudeberg treng kommunen et rektangulært areale slik kartet syner.

Det er sjølvsagt dyrare å gå gjennom ein skjønnsprosess enn å innfri grunneigar sitt krav, men kommunen kan ikkje etablere eit nytt prisnivå på Raudeberg som ligg langt over det som er frå før. Det aktuelle arealet er også regulert til jordbruksføremål, ikkje i bruk og har avgrensa utviklingspotensiale. Det er difor eit urimeleg priskrav som ligg føre.

I tillegg er det eit lite hald i argumentet om at det er ei ulempe å ha kyrkja og gravplassen som nabo.

Det haster å få hand om arealet og det bør difor søkjast om å få ta grunnen i bruk før skjøn er halde. Grunneigar er gjort merksam på at kommunen vil søkje om dette. Det skriftlege tilbakemeldinga frå grunneigar ligg ved.

Saksgangen her er at kommunen først kan be om slikt løyve etter at Fylkesmannen i tilfelle har gitt løyve til oreigning og kommunen har bedt om skjøn. Rådmannen finn det imidlertid naturleg at kommunestyret vedtek dette alt no. Grunneigar har også hatt høve til å gje uttale på dette punkt.

Administrasjonen vil så følgje dette opp når Fylkesmannen i første omgang har teke stilling til løyve til oreigning.

I tillegg til den skriftlege korrespondansen, har tenesteleiar eigedom og rådmann, hatt møte og synfaring med grunneigar.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
169962	Førehandsvarsel om ekspropriasjon - Søknad om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde.
172313	Erverving av tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke
162816	RAPPORT NORD VÅGSØY KYRKJEGARD.PDF
172899	Tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke.

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	10.11.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Vågsøy - utviding av Nord Vågsøy kyrkjegard, Røysa gnr. 120
1	U	11.05.2015	Trygve Heimsæter	Raudeberg kirke - utviding av gravplassen mot nord
3	U	06.07.2015	Trygve Heimsæter	Førehandsvarsel om ekspropriasjon - Søknad om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde.
5	I	11.08.2015	Trygve Heimsæter	Erverving av tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke
7	U	19.08.2015	Trygve Heimsæter	Erverving av tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke - Tilleggsopplysninger
8	R	19.08.2015		Scannet dokument fra Vågsøy kommune
9	I	24.08.2015	Trygve Heimseter	Tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke.
10	U	24.08.2015	Trygve Heimseter	Tilleggsareal til Nord-Vågsøy kirke.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	31.08.2015	014/15
Kommunestyre	03.09.2015	051/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 11/762	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
------------------------------------	------------------------	-----------------------------------

Samarbeidsavtaler mellom Vågsøy kommune og helse Førde HF til slutthandsaming og underskrift

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling
2. Delavtale om samarbeid om beredskap
3. Delavtale om lærings- og meistringstilbod

31.08.2015 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte og svarte på spørsmål Helse- og omsorgsutvalget stilte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-014/15

Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling
2. Delavtale om samarbeid om beredskap
3. Delavtale om lærings- og meistringstilbod

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Helse- og omsorgsutvalgets innstilling enstemmig vedtatt.

K-051/15

Vedtak:

Vågsøy kommune inngår følgjande avtalar med Helse Førde HF i samsvar med vedlegg til saka:

1. Delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling
2. Delavtale om samarbeid om beredskap
3. Delavtale om lærings- og meistringstilbod

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Helse og omsorgstenestelova
Spesialisthelsetenestelova

Bakgrunn for saka

Det er i inngått rammeavtale mellom Helse Førde og Vågsøy kommune bestemt at det skal utarbeidast delavtalar på m.a. desse områda:

- Psykiske helsetenester og rusbehandling
- Samarbeid om beredskap
- Lærings- og meistringstilbod

Saksopplysningar / fakta

Psykiske helsetenester og rusbehandling

Med bakgrunn i gjeldande rammeavtale har partane ved felles arbeidsgruppe utarbeidd framlegg til ein delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling.

Avtalen omhandlar aktuelle fellestiltak og partane sitt ansvar. Dei fleste av punkta i avtalen er felles for psykiske helsetenester og rusbehandling, men det er i eit eige punkt omtalt nokre særskilte førsegner for rusbehandling.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet. Koordineringsrådet godkjende avtalen med føresette endringar den 20.11.14. Grunnar til at avtaleframlegget ikkje er følgd opp vidare før no er m.a. generelle kapasitetsutfordringar, og at ein har avventa relasjonen til andre avtalar som det har vore arbeidd med. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

Avtalen erstatter gjeldande delavtale om psykiske helsetenester frå 2008.

Samarbeid om beredskap

Også her har ei arbeidsgruppe med representantar for partane utarbeidd eit avtaleframlegg med bakgrunn i gjeldande rammeavtale. I tillegg har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane delteke i arbeidet.

Avtalen utfyller pkt 5 i rammeavtalen, og vektlegg m.a. ansvar og rutinar i.h.t. varsling, psykososial omsorg og støtte, forsyningsberedskap, deling av ROS-analysar og beredskapsplanar, evaluering og oppfølging av beredskapssituasjonar og plan for felles øvingar.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet. Koordineringsrådet godkjenner avtalen med føresette endringar den 01.06.15. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

Lærings- og meistringstilbod

Med bakgrunn i gjeldande rammeavtale og delavtale nr 2 om koordinerte tenester har ei arbeidsgruppe med representantar for partane og brukarutvalet utarbeidd eit avtale-framlegg.

Delavtalen har som føremål å avklare partane sitt ansvar for å bidra til å førebygge og meistre og lære å leve med sjukdom/nedsett funksjonsevne og å utvikle samarbeidet på dette området. Dette er ein viktig del av den samla rehabiliteringsverksemda.

Avtaleframlegget har vore handsama i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet. Koordineringsrådet godkjenner avtalen med føresette endringar den 01.06.15. Delavtalen går no til endeleg handsaming og underskrift hos partane.

Vurdering / konsekvensar

Alle avtaleframlegga er ei oppfølging av føresetnader nedfelt i gjeldande rammeavtale mellom kommunen og Helse Førde. Dei må og vurderast som naudsynte for å tilfredsstille på ein god måte krava i helse- og omsorgstenestelova § 6 om samarbeidsavtalar mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Rådmannen ser det difor slik at kommunen bør inngå avtalar med Helse Førde på desse områda. Avtalane har i tillegg til felles arbeidsgrupper vore grundig vurderte i avtaleutvalet, fagrådet og koordineringsrådet, som også er felles arenaer for kommunane og Helse Førde.

Det er ønskjeleg at desse avtalane er mest mogleg like frå kommune til kommune. Rådmannen vurderer avtaleframlegga som tenlege for å fremme samhandlinga på viktige område og ser ikkje at dei på noko punkt har innhald som kan slå uheldig ut for Vågsøy kommune.

Vedlegg:	
Dok.nr	Tittel på vedlegg
171745	Delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling
171746	Delavtale om samarbeid om beredskap
171747	Delavtale om lærings- og meistringstilbod



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	31.08.2015	015/15
Kommunestyre	03.09.2015	052/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 14/74	Saksansvarleg: Birte Sandal
--	------------------------------	---------------------------------------

Folkehelseplan Vågsøy kommune 2016 - 2020

Rådmannen si innstilling

Kommunestyret vedtek å legge kommunedelplan for folkehelse Vågsøy kommune 2016-2020 datert xx.xx.2015 ut på høyring. Pbl §4.1 som den føreligg.

31.08.2015 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Folkehelsekoordinator Birte Sandal og kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte og svarte på spørsmål Helse- og omsorgsutvalget stilte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-015/15

Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek å legge kommunedelplan for folkehelse Vågsøy kommune 2016-2020 datert xx.xx.2015 ut på høyring. Pbl §4.1 som den føreligg.

03.09.2015 Kommunestyre

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Helse- og omsorgsutvalgets innstilling enstemmig vedtatt.

K-052/15

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å legge kommunedelplan for folkehelse Vågsøy kommune 2016-2020 datert xx.xx.2015 ut på høyring. Pbl §4.1 som den føreligg.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om folkehelsearbeid

St.meld. nr. 47 (2008-2009) «Samhandlingsreforma – Rett behandling, på rett stad, til rett tid».

St.meld. nr 34 (2012-2013) «Folkehelsemeldinga – God helse, felles ansvar».

St.meld. nr 19 (2012-2015) Folkehelsemeldinga – meistring og muligheter».

St.meld. nr 20 (2006-2007) «nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller».

Rapport IS-2203 «samfunnsutvikling for god folkehelse – rapport om status og råd for vidareutvikling av folkehelsearbeidet i Norge».

Regional plan for folkehelse

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017.

Kommuneplan for Vågsøy kommune (2013-2025).

Kommunedelplan for oppvekst (2012-2024).

Kommunedelplan for helse- og omsorg (2012-2024).

